

Sogndal kommune  
6856 Sogndal

## **Kjørnes bustadfelt, etterlysing av svar frå Sogndal kommune**

Eg viser til brevet mitt av 8. januar til Sogndal kommune. I brevet stilte eg spørsmål om VA-planen:

*"Eg viser til vedlagde kopi av brev frå Steinar Eikevik av 4.12.07 der det går fram at detaljert utbyggingsplan for Kjørnes III vil bli handsama av kommunen med det fyrste. Eg viser spesielt til forslaget hans om å leggja VA-grøftene så høgt at det ikkje blir avlaup frå kjellarane i tre av tomtene i C4.*

*Eg ønskjer melding frå kommunen så snart den endelege planen er godkjend. Eg ønskjer også orientering om kva tid Sogndal kommune reknar med å overta ansvaret for drift av veg, vatn og kloakk i felt B og C."*

Det har gått over eit halvt år utan at Sogndal kommune har svart på dette brevet. Den 18. mai sende eg nytt brev som kommunen heller ikkje har svart på. Den 30. juni skreiv eg brev til ordføraren og kravde arbeidet med VA-grøftene stansa fordi det blir utført i strid med gjeldande reguleringsplan.

Eg viser elles til brev frå Vikane AS til Sogndal kommune av 28.07.2008. Opplysningane i brevet stemmer ikkje. Eg finn det derfor naudsynt å korrigere dei tre fyrste punkta:

1. Nabovarsel om oppstart vart sendt av Fasit den 15.01.2007. Varselet galdt veg- og VA-anlegg i felt A med oppstart medio februar 2007 og vegbygging inn i felt B og C. Eg protesterte mot planlagt knuseverk i felt C, men har ikkje fått tilbakemelding frå utbyggjaren på dette.
2. Eg fekk ikkje tilsendt VA-plan, men etter purring fekk eg tak i eit lite kartutsnitt utan høgder eller teiknforklaring som viste grøfter inn i skjermsona bak huset mitt. Sjå vedlegg 1.
3. På synfaringa den 2. april var det semje om å sløyfe grøfta for overflatevatn (OV 11). Utbyggjaren lova også å vurdere å la kloakkgrøfta gå direkte frå kum 8 til kum 6. Dette ville medføre litt djupare kummar og planleggjaren var usikker på om kommunen ville gå med på dette. Vi foreslo også å plassere VA-grøfta frå felt A og B i gangstien mellom tomtene i C-feltet fordi dette ville krevje mindre sprenging og medføre langt mindre inngrep i terrenget. Utbyggjaren lova å vurdere dette forslaget.

I veke 19 starta gravinga av VA-grøft utan at vi hadde motteke ny plan eller annan informasjon frå utbyggjaren. Det viste seg at utbyggjaren ikkje hadde teke omsyn til vårt forslag om plassering av VA-grøfta i gangstien gjennom felt C. Det viste seg at grøfta vidare ned mot eigedomsgrensa kom langt nærare huset mitt enn avtalt fordi utbyggjar hadde flytt kum nr. 6 ca. 10 m austover. Flytting av kum nr. 6 vart aldri nemnt under synfaringa den 2. april. Etter at gravearbeidet var utført, fekk vi tilsendt eit nytt kartutsnitt med VA-grøfter den 22.05.2008. Sjå vedlegg 2.

Eg går ut frå at Sogndal kommune gjer ei sjølvstendig vurdering av traseen for VA-anlegg før det blir gjeve løyve til å setje i gang arbeidet med grøftesprenging. Eg ber spesielt om at plassering av kum nr. 6 blir grundig vurdert for å unngå fleire inngrep i den innregulerte skjermsona under felt C. Eg ber om skriftleg tilbakemelding snarast saman med svar på dei spørsmåla eg har teke opp i dei tidlegare breva mine til Sogndal kommune.

Sogndal, 6. august 2008

Med helsing

Dagmar Ølnes Lotsberg